

Utkast til konsesjonsvilkår for Gudvangen helikopterplass, Sparkling, Gudvangen helikopterplass, Nebbet og Gudvangen helikopterplass, Skjerping

1 Konsesjonshavers ansvar

Stiftinga Ekstreme Voss (org. 984 522 843) er konsesjonshavar og ansvarleg for å drive og inneha landingsplassane i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhørande vilkåra.

2 Bruk av landingsplassane

Landingsplassen er til privat bruk, og kan brukast berre etter tillating frå konsesjonshavar. Konsesjonshavar plikter å gjere brukarar av landingsplassen kjende med vilkåra.

Helikopterplassen på Sparkling kan brukast hvis landingsplassen på Nebbet ikkje kan brukast grunna rasfare.

Landingsplassane kan brukast to dagar i året. I løpet av desse to dagane kan det gjennomførast maksimalt 120 flyrørslar på landingsplassen Skjerping, og på ein av plassane Sparkling eller Nebbet. Trafikken bør foregå i tidsrommet kl. 1000 – kl. 1800. Det som er sagt her i tredje avsnitt gjeld så langt det ikkje er fastsett nærare vilkår om åpningstid og talet på flyrørslar etter pkt. 3 under.

Alle flygerørslene skal ha naturleg samanheng med arrangementet Ekstremsportveko.

Trafikken ved Gudvangen helikopterplass, Skjerping, skal så vidt mulig foregå på kun ei side av vegen (E 16).

3 Miljøkrav

Landingsplassane skal brukast i samsvar med verneforskrift eller unntak frå denne i medhald av naturmangfoldloven.

4 Endring av konsesjonen og dispensasjon fra konsesjonsvilkår

Konsesjonshavar skal varsle Luftfartstilsynet om fysiske og juridiske endringar knytta til landingsplassen, og om større endringar i bruken. Varslingsplikta gjeld midlertidige eller varige endringer av en slik karakter at det kan ha betydning for vurderingen av vilkåret «allmenne hensyn» i luftfartsloven § 7-6 første ledd.

Varsling må skje i rimeleg tid før endringa ønskast gjennomført, slik at luftfartsmyndigheita kan avgjere om ny konsesjonsbehandling er påkrevd. Luftfartsmyndigheten kan i særlege tilfelle dispensere fra konsesjonsvilkåra.

5 Luftfartsmyndighetens kompetanse

Luftfartsmyndigheita kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luftfartsmyndigheita kan gje pålegg om overtredelsesgebyr til statskassa til den som driv landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra i punkt 2 og 3 over.

Konsesjonen kan tilbakekallast om konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavarens verksemd, på vesentleg måte blir brote under utøving av verksemda.